

Mottatt HV RHF

21 JUN 2007



ULVIK HERAD

Skeiesvegen 5  
5730 ULVIK

Helse Vest  
Postboks 303, Forhus  
4066 STAVANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:

07/234-2/K2-G00/UBI

Direkte innval:

56 52 70 00

Stad/Dato:

20.06.2007

## Høringsuttale frå Ulvik herad Helse 2020, strategi for helseregionen

Forordet gjev inntrykk av eit positivt og energisk utgangspunkt, og det lovar godt! Helse Vest RHF er ein stor og viktig samfunnsfunnsaktør. Og det RHF gjer, kan ha betydeleg innverknad på m.a kommunehelsetenesta. Mange tiltak skal operasjoniserast ute i dei einskilde helseføretaka, men store avgjerder kviler på RHF. Denne planen held seg på eit overordna nivå med lite konkrete detaljar. Det er difor vanskeleg for ein kommune å meina så mykje om kva denne planen får for konsekvensar for kommunehelsetenesta og for våre innbyggjarar.

Dokumentet vert og prega av å vera ein "plan om å laga plan for ...."

Vi vil kommentera følgjande:

### Høgteknologi, tiltak 5.4 og 5.6

Ein har forståing for at høgteknologisk utstyr må differensierast på ulike nivå. Når ein gjer dette, må ein samstundes vera merksam på dei kostnadane føretaket får til transport av pasientar til og frå undersøkingar.

For vidare arbeid med IKT og telemedisin må ein invitara med representantar frå primærhelsetenesta (frå kommunar av ulik storleik, frå interkommunale legevakter, sjukeheimar/pleie- og omsorgstenester) . Slik kan den teknologiske utviklinga og få effekt i forhold til samarbeidspartane utanfor Helse Vest.

### Prioritering, pkt 5.1.3

Vår kommune har forståing for at "det opplevde behovet for helsetenester i befolkningen langt overgår kva som vil vere samfunnsøkonomisk forsvarleg å imøtekomme", og støttar vektlegging på prioritering og organisering for å sikre mest mogeleg effektiv bruk av ressursane. Ulvik er samd i at det er viktig å arbeida for faglege retningsliner for prioritering og opplæring av det helsepersonellet i Hfane som skal gjera denne vanskelege jobben. Ein viser her til utgreiing frå Den norske lægeforening mai 2007; "Lang, lang rekke – hvem skal vente, hvem skal få? "

Fastlegane er den gruppa som har størst innverknad på pasientstraumen inn til sjukehus. Helse Vest peikar på ordninga med praksiskonsulentar, som ein har positiv røynsle med. Men det er nok vanskeleg å få spreidd informasjonen til alle dei praktiserande legane. For å endra "legeadferd" kan det vera viktig også å involvera kommunane med dei organ for samarbeid med fastlegane som er oppretta i fastlegeordninga, nemlig samarbeidsutval og allmennlegeutval i kommunen.

Elles vil ein peika på det forpliktande frivillige samarbeidet mellom sjukehus og omegnskommunar som har eksistert sidan 1992 i Voss lokalsjukehusområde. I dette Samarbeidsrådet har vi jamnlege møte med gjensidig informasjon mellom sjukehus og



E-post

[ulvik@ulvik.kommune.no](mailto:ulvik@ulvik.kommune.no)

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928